



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

Postboks 101
4358 KLEPPE
Tlf: 51789555
Faks: 51789550

Klepp kommune

Kleppe 15.09.2016
Vår sakshandsamar: DS
Vår ref.: 16/00045-003
Arkivkode: 112

Budsjett og handlingsplan 2017-2020

Vedlagt budsjett og handlingsplan frå Klepp kyrkjeleg fellesråd.

Venleg helsing

Dagbjørg Straume
Kirkeverge



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

MÅL OG STRATEGI

Etter kirkelovens § 15 har kommunen økonomisk ansvar for kirkebudsjettet. Der heter:

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- *Utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker*
- *Utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd*
- *Driftsutgifter for kirkelig fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjons- og kontorhold*
- *Utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæringen*
- *Utgifter til kontorhold for prester*

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal også gi grunnlag for at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

I Klepp kommune sin økonomiplan for perioden 2016-2019 ligg det inne overføringer til Klepp kyrkjelege fellesråd som tabellen under viser:

DRIFT	2016	2017	2018	2019
Rammetilskot drift	9.100	9.300	9.300	9.300

INVESTERING	2016	2017	2018	2019
Gravplass Klepp		12.000		
Gravplass Orstad				1.000
Kyrkjelydssal Orre	6.400			
Ny kyrkje Klepp	1.000	1.000	1.000	1.000
SUM	7.400	13.000	1.000	2.000

STATUS OG UTFORDRINGER

Klepp kyrkjelege fellesråd løner av kommunale midlar frå Klepp og Time 10 årsverk – fordelt på 18 personar.

Dei 4 sokna i kommunen, Klepp, Frøyland og Orstad, Orre og Bore og finansierer i tillegg 5 årsverk – fordelt på 10 personer. 2 av disse har ei stilling der finansieringa av er delt mellom sokneråd og fellesråd.



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

Staten finansierer 3 stillingar ved tilskot til kateket og trusopplæring – delt på 5 personar. 3 av desse har ei stilling der finansieringa er delt mellom gjevartenesta i sokna og statlege tilskot.

Totalt er det ca. 18 årsverk, fordelt på 28 tilsette.

Det er i tillegg 3 heile statlege prestestillingar (Klepp, Bore og Frøyland og Orstad) og ei halv (Orre) som vert løna av bispedømmet sitt budsjett. Presten på Klepp stasjon, som har ei 50 %-stilling der, er løna av innsamla midlar.

Arbeidet i sokna

Det er fire sokn i Klepp og aktivitetane er aukane og mangfaldig. I tillegg til dei tilsette er det over 850 frivillige som deltar i ulike deler av arbeidet. I fleire kommunar har kyrkjelydane ein eigen daglig leiar. Frøyland og Orstad har dagleg leiar i ei deltidsstilling finansiert delvis av fellesrådet og innsamla midlar. Dei andre sokneråda har ein 25 % stillingsressurs til sekretær finansiert av fellesrådet. I 2014 vedtok Bore å oppretta ei deltidsstilling som dagleg leiar finansiert med innsamla midlar inntil vidare. Klepp sokneråd planlegg å oppretta ei tilsvarande stilling i 2016.

Trusopplæring er eit viktig tiltak nå, og er eit satsingsområde i sokna. Alle mellom 0 og 18 år skal få tilbod om 315 t trusopplæring framover.

I tillegg til fire sokn er det på Klepp stasjon ei kyrkjelydplanting som har egne gudstenester. Dei leigar den gamle jernbanestasjonsbygninga av ROM Eiendom og har denne som base. I 2014 innreia dei det gamle pakkhuset til kyrkjelydssal, og denne har plass til vel hundre menneske. Dette arbeidet ligg formelt under Klepp sokneråd. Dei har gudsteneste to gonger i månaden med eit frammøte på 63 i gjennomsnitt.

Kyrkjebygg og kontor

Tal frå kyrkjestatistikken i 2015 viser at besøkstalet på gudstenestene totalt er nær 36 000.

Kyrkjene i Klepp	Bore	Klepp	Orre	F & O
Ant sitjeplassar	215	260	250	630
Gjennomsnitt på gudsteneste	189	174 (237)	80	302

Dersom vi summerer gjennomsnitt frammøtte ved gudstenester i Klepp kyrkje og Klepp stasjon, så vert det 237 (174 +63). Bore kyrkje hadde før utvidinga 165 sitjeplassar. Dette prosjektet vert avslutta i 2015.

Kyrkjebyggja i Klepp er små, og dei fyller ikkje behovet for det soknearbeid som vert drive i dag. Dette gjeld ikkje berre ved gudstenester, men særleg for konfirmant- og ungdomsarbeid er det utfordringar. Ved gravferder er det ofte fullt. Det er videooverføring til kyrkjelydsalane, og det hjelper på, men er ikkje tilfredsstillande i lengda, spesielt ikkje for Klepp. Eit unntak her er sjølvsagt den nye kyrkja på Orstad, Frøyland og Orstad kyrkje. Den nye trusopplæringsreforma set nye krav til lokalar. Orre venter på ny kyrkjelydssal. Særleg i Klepp er det for lite plass til aktivitetar for born og unge.



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

I 2015 fekk Bore sokn eige soknekontor i Verdalen. Fem tilsette flytta dit, og det har ført til betre plass på kyrkjekontoret.

INVESTERING

Ny kyrkje Klepp

Allereie i sitt visitasforedrag i 1992 påpeikte biskop Bjørn Bue at kyrkja i Klepp var for lita. Biskopen oppfordra til å undersøke moglegheita for bygge på kyrkja noko som ikkje var mogleg. Behovet for ny kyrkje blei tatt opp igjen i dei neste visitasane i 2004 og 2013.

Fellesrådet kommenterte behovet for ny kyrkje i 1998 i sak 42/98 i kommentar til budsjett 1999: *«Tek vi eit perspektiv fram mot år 2010 og med den folketilvekst som er stipulert er det aktuelt med ny kyrkje i Klepp. Skal kyrkja dekkja dei forventningane som vert stilt og dei behova som ein alt i dag merkar, ser vi at ny kyrkje er ein realitet innan 2010.»*

I mellomtida kom det opp prosjekter med å få reist ei kyrkje på Orstad samt utvide Bore kyrkje. I tillegg har prosjektet med ny kyrkjelydssal på Orre vore prioritert før ny kyrkje på Klepp. Kyrkjelydssalen på Orre vert ferdigstilt i løpet av 2016 og det er nå ny kyrkje som står øvst på prioriteringslista.

I kyrkelova § 21 heiter det: «ny kirke skal bygges når en kirke er tilintetgjort eller på grunn av vesentlige mangler er ubrukbar og ikke kan utbedres, når den under vanlige gudstjenester ikke gir tilstrekkelig plass for de kirkesøkende og ikke hensiktsmessig kan utvides, eller når det dannes et nytt sokn der det fra før ikke er kirke. Ny kirke skal i kirkerommet ha sitteplass til en tidel av Den norske kirkes medlemmer i soknet. Det kreves likevel minst 200 og ikke mer enn 500 sitteplasser.» Med over 8000 medlemmer i soknet er det klart at det er eit behov for ny kyrkje i Klepp. I dag opplever ein at folk snur i døra ved gudstenester og meir enn full kyrkje ved gravferder. Dagens kyrkje har 260 sitteplassar.

Dei økte ressursane i trusopplæringsreformen har synleggjort at det er eit prekært behov for nytt kyrkjebygg med egna lokale til å drive lovpålagt trusopplæring

Klepp sokneråd har oppretta ein stiftelse som har sett på arealbehov, økonomi og framdrift. Klepp kyrkjelege fellesråd har oppretta ei plannemnd for å drive dette viktige prosjektet vidare. Stiftelsen arbeider vidare med innsamling og dugnad.

I samarbeid med Klepp kommune har plannemnda arbeidd med å få avklart med riksantikvar kor ny kyrkje skal plasserast på området vest for eksisterande kyrkje. Plannemnda vil koma med forslag til romprogram og størrelse. Av aktivitetar som er på programmet, er å få godkjent reguleringsplan for området vest for Klepp kyrkje 2016/2017, arkitektkonkurranse med jurybehandling og godkjenning i 2017, forprosjektering og anbuds konkurranse i 2017-2018. Vidare prekvalifisering og tildeling av byggjekontrakt i 2018, og så byggjearbeid i 2019-2020.

Klepp kyrkjelyd og Stiftelsen Klepp nye kyrkje arbeider med å samle inn pengar til ny kyrkje. Det



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

er eit ønske om å få på plass intensjonsavtalen om ny kyrkje og Klepp kyrkjelyd har signalisert at dei kan bidra med inntil 10 % av byggekostnaden.

Gravplass Kleppe og Orstad

Den største satsinga innan investering på kyrkjebudsjettet i perioden er opparbeiding av ny gravplass på Kleppe, som er godt i gang. Reguleringsplanen for ny gravplass på Klepp er ferdig og prosjektet til handsaming hjå bispedømet for godkjenning. Fellesrådet ber om at det vert avsett midlar til dette. Fellesrådet ber om at størrelsen på investeringa vert justert i samsvar med kostnadsoverslaga. Det vil truleg ikkje vera behov for å ta den i bruk før tidlegast i 2017/2018.

Fellesrådet stadfesta i sak 12/16 vedtaket frå 2009 kor ein bad kommunen om å sørge for areal og utarbeide planar for gravplass ved Frøyland og Orstad kyrkja. Nå er det 8 år sidan kyrkja blei vigsla og det har vekt fram eit behov om å få eigen gravplass. Det er usikkert kva kostnadane vil vere og kva som er mogleg på den tomte som er kjøpt til dette formålet. Fellersrådet ønskjer å fortsette samarbeidet med kommune administrasjonen for å få utarbeid ein plan for gravplass på Orstad. Det er sett av 1 mill i planmidler til dette prosjektet. Eit lokalt engasjement gjer at ein kan gjere seg nytte av synergieffektar som kan gje eit godt bidra inn i prosjektet. Dette vil bli tatt med vidare inn i arbeidet med prosjektet.

Tiltak i prioritert rekkefølge:

INVESTERING KYRKJE	2017	2018	2019	2020
Ny kyrkje Klepp	1.000	10.000	45.000	32.000

INVESTERING GRAVPLASS				
Gravplass Klepp	12.000			
Gravplass Orstad			1.000	
SUM	13.000	10.000	46.000	32.000

DRIFT

Daglig leiing av kyrkjelydane

I kyrkjelova heiter det at «*Utgiftsdekningen også skal gi grunnlag for at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.*»

Stortinget understreka i si behandling av kyrkjelova, viktigheten av sokneråda og deira rolle som strategiorgan for det kyrkjelege og kristelige liv i sokna i eit nært samarbeid med fellesrådet. Stortinget la vekt på at personalressurser og økonomi skal brukast på ein slik måte at det oppmodar til frivillig innsats og medarbeiderskap i lokalkyrkje og lokalsamfunn. Kyrkjelydane løner i dag sjølv om lag 5 årsverk gjennom innsamla midlar. Dei dekker alle utgifter knytte til disse stillingane som løn, pensjon, kurs, utstyr etc

I dag er det tilsett ein daglig leiar i Frøyland og Orstad kyrkjelyd i 80 % stilling. Fellesrådet løner



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

30 % av ei stilling, medan resten vert dekkja av innsamla midlar. I Bore vart det i 2014 tilsett dagleg leiar i 40 % stilling finansiert med innsamla midlar i kyrkjelyden. Klepp ser også at det skapar store utfordringar å ikkje ha ein dagleg leiar og bruker innsamla midlar for å få oppretta ei 50 % stilling. Det arbeidet som vert utført ligg i stor grad inn under fellesrådets ansvar og er oppgåver som skal dekkjast av kommunale midlar. Det er derfor behov for ei auke i ramen for å kunna dekkja deler av denne stillinga. I kommunar som Sandnes, Sola, Stavanger, Strand, Hå, Time etc. er det nå ein daglig leiar i kvar kyrkjelyd. Time fekk ekstra løyvingar til 1,5 stilling. Her i Klepp har me ikkje hatt dette til nå. Konsekvensane er at den daglege leiinga av kyrkjelyden vert utført av andre tilsette, frivillige og at mange oppgåver vert ikkje gjort.

Biskopen poengterte dette som eit hovedmoment i møte med kommunen under visitasen i 2013. Han tok og fram viktigheten av oppfølging og rekruttering av frivillige og viste til at stillingsressursar genererer større frivillighet. Det er i dag over 750 registrerte frivillige knytta til arbeidet i kyrkjelydane.

Det er i dag mange krav til bl.a. HMS, arkivering etc. som det trengs ressursar vor å fylgja opp.

Stillingsressurs som daglig leiar i Frøyland Orstad finansiert av fellesrådet bør aukast frå 30 % til opp mot 80 %. Det er vidare behov for ei styrking av den daglege leiinga av dei andre kyrkjelydane: Klepp, Bore og Orre.

Fellesrådet ber derfor om ei auke i ramen som totalt dekker 1,5 stillingsstørrelse til daglig leiing av kyrkjelydane med ei opptrapping frå 2017 til 2019. Tanken er då at fellesrådet i samarbeid med kyrkjelydane og kommunen i lag kan finansierer behovet for dagleg leiing i kyrkjelydane.

Planane for trusopplæring er lagde med ein opptrappingsplan framover. Kyrkjerommet og kyrkjestova i Klepp er for små. Kyrkjelyden ber om 500 000 kr pr. år fram til ny kyrkje i Klepp står ferdig. Dette skal dekkja leige av lokalar til dette i tillegg til ungdomsarbeid, korarbeid, barnetiltak og breddetiltak. Det er i dag dialog mellom Fellesrådet og Klepp kommune om bruk av Tu skule som ei mellombels løysing til ny kyrkje er på plass.

Vedlikehald.

Orre gamle kyrkje treng stadig vedlikehald og fellesrådet ser at behovet for vedlikehald er større enn det ressursane strekk til på kyrkjene våre. Frøyland og Orstad kyrkje er nokre år nå, og det er behov for å tenkja vedlikehald for denne og. Som erfaringa med Orre gamle synes så er det dyrt å ikkje ta vedlikehaldsoppgåver etter kvart.

Fellesrådet er takknemleg for at det blei overført midlar frå tiltakspakka som gjekk til maling av Klepp kyrkja og reparasjon av klokketårnet i Bore. Fellesrådet arbeidet med vedlikehaldsplan slik at ein til ei kvar tid har kontroll på behov og sjekkar bygga jamnleg .

Frøyland og Orstad kyrkje

- *Sjå vedlegg vedr. reklamasjon*
- *Det vert i tillegg ettersendt ein sluttrapport for korleis kyrkja er finansiert frå Stiftelsen ny kyrkje Frøyland og Orstad*



DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

Tiltak i prioritert rekkefølge:

DRIFT	2017	2018	2019	2020
Frøyland og Orstad kyrkje	300			
Dagleg leiing kyrkjelydane	300	600	900	900
Auka vedlikehald	100	100	100	100
Lokalar Klepp kyrkjelyd	500	500	500	500
SUM	1.200	1.200	1.500	1.500

Vedtak

1. Klepp kyrkjelege fellesråd ber klepp kommune om at følgande tilskot til investering blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2017-2020 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

INVESTERING KYRKJE	2017	2018	2019	2020
Ny kyrkje Klepp	1.000	10.000	45.000	32.000

INVESTERING GRAVPLASS				
Gravplass Klepp	12.000			
Gravplass Orstad			1.000	
SUM	13.000	10.000	46.000	32.000

2. Klepp kyrkjelege fellesråd ber klepp kommune om at følgande tilskot til drift blir lagt inn i økonomiplan for perioden 2017-2020 som tabellen under viser (prioritert rekkefølge):

DRIFT	2017	2018	2019	2020
Frøyland og Orstad kyrkje	300			
Dagleg leiing kyrkjelydane	300	600	900	900
Auka vedlikehald	100	100	100	100
Lokalar Klepp kyrkjelyd	500	500	500	500
SUM	1.200	1.200	1.500	1.500